



Ny utdanning i Norge!

# ARBORIST

Fagskulane i Hordaland    avdeling Hjeltnes



## Om studiet

**Ynskjer du ein spennande etterutdanning? Er du fasinert av og likar å arbeide med tre? Bli Arborist!**

Fagskuleutdanningar er yrkesretta vidareutdanningar, som byggjer på fullført vidaregåande opplæring. Arboristfagutdanning er eit studie tilsvarande 1 år på fulltid, som vi tilbyr på deltid over 2 år. Det vert samlingar på skule kombinert med praksis i bedrift.

**Oppstart:** 20. september 2010

**Stad:** Hjeltnes gartnarskule,  
Ulvik i Hardanger.

### **Opptakskrav:**

Fullført utdanning som anleggsgartnar, gartnar, agronom, skogsoperatør, studieførebuande naturbruk eller tilsvarande. Minst 1 år praksis i yrket du er utdanna innan.

Det er krav til dokumentert opplæring i bruk av motorsag. Kurs vil bli tilbydd ved Hjeltnes gartnarskule i førekant av studiestart.

Tittel etter fullført studie: **Arborist**

### **Kostnader:**

Det er ikkje lagt opp til kurspengar frå studentane. Utgifter for studentane er til personleg utstyr og bøker. Det er krav om tilgang på data med internett til studiet. **Vi tek atterhald om fullfinansiering av kuset.**

### **Opphald under utdanninga:**

Hjeltnes gartnarskule har internat som du kan bu på under samlingane i Ulvik.

### **Søknad:**

Du sender søknad til Hjeltens gartnarskule, på eige skjema med dokumentert utdanning og relevant praksis innan yrket. Skjema finn du på heimesida vår: [www.hjeltnes.vgs.no](http://www.hjeltnes.vgs.no).

Søknaden sendast til:  
Hjeltnes gartnarskule  
5730 ULVIK

Epost: [post@gront-kompetansesenter.no](mailto:post@gront-kompetansesenter.no)

**Søknadsfrist: 1. mai 2010**

# FAG:

Faga som studiet omfattar og kort om mål i dei ulike faga.

---

## Klatreteknikk

### *Mål i faget:*

1. Studenten skal ved hjelp av høveleg og godkjent utstyr, kunne klatre og arbeide effektivt og sikkert i etablerte tre.

Delmål 1: Utstyr

Delmål 2: Tryggleik

Delmål 3: Klatring

---

## Trebiologi og treøkologi

### *Mål i faget:*

1. Studenten skal kunne gjere greie for treet sin fysiologi og anatomiske bygnad.  
2. Studenten skal kunne forstå korleis treet responderer på mekaniske skadar.  
3. Studenten skal tileigne seg overordna kunnskap om treet sin plass i evolusjonshistoria, samt kunnskap om ulike naturlege vekseplassar for tre.  
4. Studenten skal kjenne til tre som leveområde for andre organismar

---

## Vekstfaktorar

### *Mål i faget:*

1. Studenten skal kunne vurdere jord, vatn og næringstilhøve for tre, og kunne tilrå og gjennomføre aktuelle tiltak

---

## Tilstandsvurdering, treregistrering og taksering av tre

### *Mål i faget:*

1. Studenten skal kunne utføre treregistrering og kjenne til dei viktigaste grunnprinsippa for tilstandsvurdering og økonomisk verdivurdering av tre.

---





## Planting, trepleie og fellingsarbeid

### *Mål i faget:*

1. Studenten skal kunne utføre planting og flytting av tre, etter prinsippet om beste praksis for fagområdet.
2. Studenten skal kunne planleggje og utføre alle typar skjeringsarbeid, etter prinsippet om beste praksis for fagområdet
3. Studenten skal kunne identifisere treet sitt stabiliseringsbehov, samt føreta val av stabiliseringssystem og utføre installasjonsarbeid.
4. Studenten skal i samband med byggje- og anleggsarbeid, kunne identifisere behov for sikring av tre, samt planleggje og utføre aktuelle tiltak.
5. Studenten skal kunne utføre fellingsarbeid på ein trygg og sikker måte.
6. Studenten skal ha kjennskap til det vanlegaste utstyret brukt innan trepleieområdet i dag.
7. Studenten skal ha kjennskap til lover, føreskrifter og retningslinjer som til ei kvar tid er gjeldande for dei arbeidsoppgåvene som vert utførde.
8. Studenten skal ha kjennskap til rettsvern for tre.

## Bedrift – marknad, etikk og moral

### *Mål i faget:*

1. Studenten skal kunne utføre marknadsrelaterte oppgåver i bedrift.
2. Studenten skal kunne gjere greie for dei mest sentrale prinsippa for organisering av arbeidet.
3. Studenten skal kunne gjere greie for kor viktig det er at bedrifta har eit velfungerande system for HMT (Helse, miljø og tryggleik), samt gjennomføre rapportering.
4. Studenten skal kunne følgje etiske spelereglar overfor tilsette, kundar, leverandørar og samfunnet og ha ein etisk bevisstgjerung som gjer at dei følgjer gjeldande lov- og avtaleverk i sin virksomhet.





## Bruk av tre og faget si historiske utvikling

### *Mål i faget:*

1. Studenten skal kjenne til arborkulturen si utvikling, korleis tre har vore nytta gjennom historia, samt mytar, tradisjonar og tru kring bruken av tre.
2. Studenten skal kjenne dei viktigaste treslaga i Norge, med bruksområde og eigenskapar.
3. Studenten skal ha kjennskap til dei viktigaste faktorene det må takast omsyn til, ved val av treslag til ulike grøntområde.
4. Studenten skal kjenne situasjonar der tre eller enkelte treslag bør unngåast.
5. Studenten skal ha kjennskap til praktiske bruksområde for trevirke.

## Sjukdom, skadegjerarar og abiotiske faktorar

### *Mål i faget:*

1. Studenten skal tilegne seg kjennskap til dei vanlegaste sjukdomane, skadedyra og abiotiske skadane på tre.



# Gjennomføring

Arboristfagutdanninga vert tilbydd ved Hjeltnes gartnarskule, Ulvik i Hardanger. Det vert lagt opp til veke-samlingar gjennom året, kombinert med praksis i bedrift og noko nettbasert undervisning. Nokre samlingar / dagar kan verte halde andre stadar.

Tabellen syner oversikt over fag og timetal totalt, i skule, i bedrift. Samt fagskulepoeng.

| Nr | FAG  | Totalt timetall | Timar i skule | Timar i bedrift | Fagskulepoeng   |
|----|--|-----------------|---------------|-----------------|-----------------|
| 1  | Klatreteknikk  | 110             | 60            | 50              | 5p              |
| 2  | Trebiologi og treøkologi   | 200             | 200           |                 | 9p              |
| 3  | Vekstfaktorar  | 90              | 90            |                 | 4p              |
| 4  | Planting, trepleie og fellingsarbeid                                   | 555             | 255           | 300             | 25p             |
| 5  | Tilstandsvurdering, treregistrering og økonomisk verdivurdering av tre | 65              | 40            | 25              | 3p              |
| 6  | Bruk av tre og faget si historiske utvikling                           | 155             | 135           | 20              | 7p              |
| 7  | Sjukdom, skadegjerarar og abiotiske fktorar                            | 90              | 70            | 20              | 4p              |
| 8  | Bedrift – marknad, etikk og moral                                      | 65              | 45            | 20              | 3p              |
|    | <b>SUM</b>   | <b>1330</b>     | <b>895</b>    | <b>435</b>      | <b>60 poeng</b> |


Vi tek atterhald om mindre justeringar.

1. studieår vert det 10 veker med samlingar på skule og 5 veker praksis i bedrift.
2. studieår vert det 9 veker med samlingar på skule og 7 veker praksis i bedrift.

## Lærarar / instruktørar

Til undervisninga vert det nytta lærarar frå Hjeltnes gartnarskule og fagpersonar frå næringa.

Heile studieplanen til Arboristfagutdanninga ligg på heimesida til Hjeltnes gartnarskule. Du kan og ringa eller senda mail til oss om du ynskjer denne tilsendt.





## Utvikling av Arboristfagutdanninga

Initiativet for å få arboristfaget inn i det offentlege utdanningstilbodet, kom frå Norsk Trepleieforum Vest til Hordaland Fylkeskommune. Fylkeskommunen tok næringa på alvor og har vore sterkt medverkande til at Arboristfagutdanninga no vert eit tilbod ved Hjeltnes gartnarskule.

Undervegs i arbeidet har det vore vurdert fleire alternative løysingar for arboristutdanninga, først som prosjekt til fordjuping i den vidaregåande skule, deretter vart det søkt etablert som eige lærefag.

Søknaden vart avvist, men Hordaland Fylkeskommune vart samstundes oppfordra til å etablere trepleie som fagskuleutdanning. Dette er no gjort! Norsk Trepleieforum har vore sentrale i arbeidet med studieplanen for Arboristfagutdanninga, og ein viktig part for å få dette studiet på plass! I august 2009 vart Arboristfagutdanninga godkjent hos NOKUT (Norsk Organ for Kvalitet i Utdanning)

20. september 2010 startar studiet!

Vil du vera med?



